



Dette veit vi om SKRIVING

EIN GOD TEKST BLIR SJELDAN SKRIVEN RETT NED

Han blir skriven om mange gonger. Rutinerte skrivvarar har mange metodar for å omarbeide tekst.

DET FINST PLANLEGGJARAR OG KAOSKRIVARAR

Nokon tenkjer gjennom heile teksten før dei tek til å skrive – andre berre skriv.

NÅR VI SKRIV OPPDAGAR VI TANKANE VÅRE

Skrijving treng ikkje vere for andre. Ved å skrive for deg sjølv utforskar du tankane og idéane dine.

SKRIVING ER EIN PROSESS

Vegen frå idé til ferdig tekst består av både kreative fasar der du produserer tekst, og analytiske fasar der du les gjennom og reviderer.

GODE SKRIVARAR TENKJER PÅ LESAREN SIN

Rutinerte skrivvarar tenkjer på korleis lesaren vil reagere – og justerer teksten sin i forhold til det.

DET ER HEILT VANLEG Å FÅ SKRIVESPERRE EIN GONG I BLANT

Alle får det. Gode skrivvarar har ulike triks for å overvinne skrivesperra. Sjå tips på skrivesenteret.no.